
Vår referanse 2020/49925-5
Dato 08.06.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Svar - Motsegn - Detaljreguleringsplan for Stølsmarka. PlanID 1263201607

Viser til brev mottatt 10.05.2021 med førespurnad om vurdering av motsegn for Stølsmarka i Alver kommune. Frist for uttale er 18.06.2021.

Statens vegvesen varsla motsegn i datert 29.11.2019 og stadfesta i brev av 10.12.2019. Vi viser og til dialogmøtet hos Statsforvaltaren 17.04.2020 og samordna uttale 04.05.20. Bakgrunnen for Vegvesenet si motsegn var at planframlegget ikkje tok i vare byggjegrænse mot fylkesvegen, og at trafiktryggleiken ikkje var tilstrekkeleg utgreidd og tatt i vare for forhold som gjeld kryssområdet fylkesveg 565 Alverflaten og kommunal veg Alvermarka.

Etter forvaltningsreforma frå 01.01.2020 har fylkeskommunen overtatt ansvaret for forvaltning av fylkesvegnettet. Gjeldande motsegn må formelt sett avklarast med både Vestland fylkeskommune og Vegvesenet som vegmynde. Det er Vegvesenet som formelt sett kan trekke motsegna.

Alver kommune ber om ny vurdering av planframlegget og har vedlagt eit notat frå Ard arealplan datert 04.05.2021 med framlegg til løysing.

Byggjegrænse:

Notatet konkluderer med at det ikkje er behov for støyskjerming, og at ein vil legge til grunn 30 meter byggjegrænse frå vegmidte. Vestland fylkeskommune kan akseptere denne byggjegrænsa. Det er likevel Statsforvaltaren som har ansvar for at forholdet til støy og uteopphaldsareal er tilstrekkeleg tatt i vare, og som må ta avgjerd om planframlegget kan akseptast på dette punktet.

Vi tek atterhald ved at det ikkje er levert nytt plankart og føresegner som støttar opp om 30 meter byggjegrænse.

Kryssområde Alverflaten x Alvermarka.

Det er lagt ved ein analyse av trafikken utført av Cowi, datert 14.02.2020. Vestland fylkeskommune fekk denne tilsendt på e-post 22.04.2020 i etterkant av dialogmøtet. Endringane vi har registrert går på at det vert lagt til grunn trafikktal 12 år fram i tid i rapporten frå 2017 og 20 år fram i tid i 2020. Trafikkauken som er lagt til grunn i 2017 er 1,33 % og 1,18% i 2020, altså ein reduksjon i trafikkauken.

Rapporten er basert på ein analyse av kva effekt ein teoretisk auke av 20 køyretøy pr. dag vil ha på trafikkavviklinga i krysset. Rapporten konkluderer med at effekten er marginal.

Vi stiller fleire spørsmål til tala bak trafikkvurderinga. Elevtalet skal aukast med meir enn 50 %, men ein skal ikkje auke tall på tilsette. Det er vidare lagt til grunn at 30% av elevane kjem til skulen med bil. Vi meiner dette talet er lågt og kanskje lite representativ for reisevanane ved skulen. Dette med tanke på at skulen har elevar frå eit stort geografisk område, med varierende kollektivdekning. Trafikk til forsamlingshuset er heller ikkje tatt med i reknestykket.

Vi viser og til Vegvesenet sin kommentar til trafikkanalysen; «Slik krysset er utforma er det etter vår vurdering ikkje plass til to parallelle køyrefelt ut frå Alvermarka mot Alverflaten. Høgre- og

venstresving er difor ikkje uavhengig av kvarandre, og vurdering av forseinking og kapasitet er difor ikkje reell».

Vi vil ikkje gå vidare inn i detaljane i rapporten, og den vil berre utgjere ein liten del av vurderinga om krysset er tilstrekkeleg dimensjonert og trafikksikkert. Endringane i analysen som er utført 2020 er heilt marginale i høve til rapporten frå 2017. Rapporten svarar ikkje ut dei problemstillingane som var grunnlaget for SVV si motsegn i 2019.

Vi viser til dialogmøtet hos Statsforvaltaren 17.04.2020 og samordna uttale frå Statsforvaltaren i Vestland 04.05.20. I dialogmøtet var det semje om at planområdet skulle utvidast til å gjelde kryssområdet mellom fv. 565 og kommunal veg.

Oppsummering:

Vestland fylkeskommune kan akseptere ei byggjegrense 30 meter frå vegmidte. Framlegget byggjer på at det ikkje vert bygd støyskjerm. Statsforvaltaren i Vestland må vurdere om forholdet til støy og uteopphaldsareal er tilstrekkeleg gjennom dette forslaget.

Endringane som er utført med trafikkanalysen frå Cowi er marginale og svarer ikkje ut motsegnspunkta til Statens vegvesen. Notatet vurderer ikkje om kryssutforminga tilet ei trygg avvikling av trafikken til planområdet.

I framlegg til løysing er kryssområdet ikkje omfatta av planarbeidet.

Vi finn etter dette ikkje grunnlag for å trekkje motsegna.

Med helsing

Hege Løvteit
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift